

Årsmelding for 2025

Kvam Næringsråd (KNR) skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør i lokalsamfunnet.

Styremøte og medlemsutvikling i 2025

Det er halde 5 styremøte og handsama 49 saker i 2025.

Medlemstalet pr. 31.12.2025 er 89, ein nedgang på 4 frå 2024.

Tillitsvalde i Kvam Næringsråd etter årsmøtet 26. mars 2025

Styreleiar	Tone Søgaard
Nestleiar	Lars Kristian Bu
Styremedlemer	Ivar Gaute Kolltveit, Anita Storemark og Terje Måløy
Varamedlemer	1.vara Elisabet Janssen og 2. vara Jahn Brattli Tolo
Revisor	Jon Magnar Neteland
Valnemnd	Georg Aarhus, Kirsten McClellan Steine og Solveig Botnen

Drift og administrasjon

Hans Jørgen Andersen har vore engasjert i 40% stilling som dagleg leiar.

Det er utarbeida eit strategidokument for KNR i 2022 som og gjeld for 2025

Strategi for Kvam Næringsråd 2023-2025

Nettverk for næringslivet



Kvam Næringsråd skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør.

FOKUSOMRÅDE			
Ein synleg og nyttig næringsorganisasjon for alle verksemdar i Kvam	Påverke rammevilkår for næringsliv i Kvam	Leggje til rette for rekruttering av kompetent arbeidskraft	Bidra i samfunns- og næringsutvikling
VERKEMIDDEL OG TILTAK			
Ein møteplass med attraktive arrangement og gode nettverk ✖ medlemsmøte ✖ frukostmøte ✖ Kvam U40 ✖ informasjonsdeling ✖ vurdere konferanse Avklara forhold til andre aktørar ✖ godt samarbeid med andre Medlemsvekst ✖ kontinuerleg rekrutteringsarbeid Sunn økonomi og driftsbalanse ✖ god økonomistyring ✖ vurdere sponsorinntekter Stor nok organisasjon til å kunne arbeid profesjonelt ✖ frå 40% til 100% stilling Utvikle og marknadsføre eigen organisasjon	Vere ein representant for næringslivet og påverke prosessar som gjev rammevilkår for næringsutvikling i Kvam ✖ høyringsinstans ✖ talerøyr for næringslivet i politiske saker Samferdsel ✖ Hordalandsdiagonalen E134-Bergen ✖ tunnel under Kvamskogen Kraft ✖ ta tak i utfordringar knytt til kraft Samarbeid med andre næringsråd ✖ Næringsalliansen Vestland I samarbeid med Kvam herad ✖ bidra i arbeidet med rullering av kommunedelplan for næring ✖ arbeide for å oppretthalde og skaffe nye statlege arbeidsplassar	Relevant utdanningstilbod i regionen Samarbeid med utdanningsaktørane ✖ Handalag opplæringskontor ✖ Kvam vgs ✖ Vestland fylkeskommune ✖ Hardangerrådet Samarbeid med trainee-ordningar ✖ få traineear til Kvam gjennom Framtidsfylket og Trainee Vest Samarbeid med Kvam herad ✖ samarbeid næringslivet og Kvam herad om rekrutteringsarbeid Samarbeid med NAV ✖ engasjere seg i samarbeidet mellom NAV og verksemdene	Kople ressursmiljø saman med medlemsverksemdar ✖ utvikle nettverk med eksterne aktørar Synleggjere Kvam som ein interessant bu- og arbeidsregion ✖ få inn saker om Kvam i regionale og nasjonale media Få fram kunnskap om næringslivets betydning for lokalsamfunna i Kvam ✖ saker om næringslivet i media ✖ kople på akademien Marknadsføre lokale verksemdar ✖ marknadsføre medlemsverksemdar i nettverket

Kvam Næringsråd er ein medlemsstyrt interesseorganisasjon med årsmøtet som øvste organ. Årsmøtet vel styre.

23.11.22

Økonomi

Rekneskapen for 2025 syner eit overskot på kr. 20.236,-. KNR hadde kr. 263.231,- på bankkonti pr 31. desember 2025. Samla godtgjersle inkl. sosiale utgifter til dagleg leiar i 2025 er kr 357.000. Samla godtgjersle til styreleiing i 2025 er kr 30.000,-.

Medlemspengar frå medlemsverksemdar er hovudinntekt med kr. 406.435. KNR har motteke kr 100.000 i driftstilskot frå Kvam herad i 2025.

Medlemsmøte

48 verksemdar har vore til stades med ein eller fleire deltakarar på anten frukostmøte, medlemsmøte eller studietur. Til saman har det vore 132 deltakarar på desse arrangementa.

Frukostmøte, medlemsmøte og studietur:

18. februar	frukostmøte Norconsult	EU sin Taksonomi og Bærekraftsdirektivet (CSRD)
3. mars	ope møte med Bjarte Hoff	Frå fagbrev til forskar
25. april	studietur til Osterøy/KORT	Kompetansesenteret for robotteknologi, Osterøy vgs K.Lerøy Metallindustri, Mjøs Metallvarefabrikk og Osterøy kommune saman med Kvam herad og Kvam vgs.
5. august	frukostmøte Sparebanken Norge	Unngå kostbare feil - bli trygg i styrevervet ditt
2. oktober	frukostmøte KORT	informasjon om KORT og deira tilbod.
14. oktober	frukostmøte Framtidsfylket	Om traineeordninga
27. oktober	medlemsmøte på Bjølvefossen	Omvising, om drift og rekrutteringsarbeid.
21. november	frukostmøte med Harris	Når kunden ikkje kan betale – korleis sikre seg mot tap Konflikt og krise på arbeidsplassen

Arrangement der andre var hovudarrangør:

30. januar Dialogmøte mellom Kvam herad og næringslivet. Mellom anna om
- forslag til nye gebyrsatsar plan- og byggesak utarbeida av konsulentselskapet Momentum by Visma <https://momentumsolutions.no/>
 - kommunal plan om overvatn
 - om kommunal næringsplan

Prosjektarbeid.

Kommunal næringsplan

I mars/april 2025 samarbeida KNR med Kvam herad v/Jan Tjosås om å lage ein prosjektplan for ny/revidert næringsplan for Kvam herad. Noverande «Kommunedelplan for næring og kompetanse 2015-2023» har gått ut på dato, og tanken var at denne skulle erstattast med «Næringsstrategi Kvam herad 2026-2031». Arbeidet vart stoppa på ubestemt tid som fylgje av innsparingar i heradet.

Arbeidslos

KNR vart i februar invitert av Grannehjelpa/frivilligsentralen i Kvam om å vere med i prosjektgruppa for «Arbeidslos». Dette er eit prosjekt for å hjelpe framandspråklege inn i arbeidslivet.

Prosjektgruppa: prosjektleiar Sarifa Moola-Nernæs, Helena Rykkje Grannehjelpa, Kristine Hegreberg programrådgjevar NAV flyktning og Hans Jørgen Andersen KNR.

Deltaking etter søknad, og hausten 2025 har seks deltakarar følgd programmet. KNR har arrangert fire besøk hos verksemdar i Kvam i samband med programmet.

Samarbeid med andre

Døme på samarbeid med andre organisasjonar og strukturar kring oss i løpet av året:

3. april politirådsmøte i lag med Politiet, Kvam herad, Øystese Næringslag og Norheimsund Næringslag. Oppfølgingsmøte 17. november med Politiet, Thon Hotel Sandven og Hardangerfjord Hotel.

Kvam herad (politisk/administrativt) har invitert KNR til uformelle møte i januar, juni og september 2025 saman med Handalag Opplæringskontor og Hardanger og Voss Næringshage

Øystese Næringslag og Norheimsund Næringslag – Kvam næringsråd har jamleg kontakt med næringslaga.

Framtidsfylket AS har mellom anna tilbod om trainee-program for bachelor- og masterkandidatar. Det er sendt ut informasjon om tilboda til medlemsverksemder og me har arrangert eit frukostmøte i lag med Framtidsfylket.

Invest in Bergen. KNR har tidlegare arbeida for at Kvam herad burde vere medlem i Invest in Bergen. Eit slikt medlemskap har ingen garantiar, men om ein lukkast med arbeidet kunne det ha ført til at utanlandske verksemder etablerte seg i Kvam. Invest in Bergen sin finansieringsmodell vart endra i 2025. Arbeidet er vidareført i Invest in Vestland, og finansieringa er no uavhengig av kommunane. KNR bør undersøke moglegheita for å kunne koordinere eit samarbeid med Invest in Vestland for næringslivet i Kvam og Kvam herad frå 2026.

Hardanger og Voss Næringshage, har hatt jamleg kontakt gjennom året, og deler mellom anna informasjon om arrangement og kurs.

Næringsalliansen Vestland, sjå eige punkt.

Kompetanseforum Hardanger og Voss er leia av Hardangerrådet, og er eit av fem regionale kompetanseforum i Vestland. Det er deltakarar frå fylket og kommunane, lokalt næringsliv og næringsklyngene, opplæringskontora i Hardanger, rektorar frå dei vidaregåande skulene, karrieresenter og NAV. Det er eit overordna mål å avdekka behov og bidra til betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse i regionen. Dagleg leiar har delteke på møte i april og mai.

Forregion Vestland skal gjennom bruk av forskning bidra til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i verksemder gjennom bruk av forskning. Dette er ein del av fylkeskommunen si langsiktige satsing på mobilisering til forskning. Det har ikkje vore nokon aktivitet i KNR knytt til Forregion Vestland i 2025.

Næringsforeningene i Norge (NiN) er ein samanslutning av næringsråd og -foreiningar i Noreg som vart oppretta i 2024. Dagleg leiar deltok på årsmøte i Bergen 29-30. april. KNR er medlem i NiN.

Dialogmøte om «Turistbåtruta i Hardanger» 18. september i Eidfjord, etter invitasjon frå Hardangerrådet.

Kvam vgs – dagleg leiar heldt innlegg 24. november om næringslivet i Kvam på foreldremøte VG2.

Diverse møte og samtaler med lokale politiske parti i løpet av året.

Vervearbeid

Styret og dagleg leiar har samarbeida om verving av nye medlemsverksemder i 2025.

Informasjonsdeling

I løpet av året er det jamleg sendt ut informasjon til medlemsverksemdene om kurstilbod, konferansar, karrieremesser, andre arrangement, tilskotsordningar, informasjon frå fylket og heradet m.m.

Spørjeundersøkingar

Det er sendt ut fleire spørjeundersøkingar på vegne av Næringsalliansen Vestland og Næringsforeningene i Norge. Svara gjev grunnlag for å seie noko om næringslivet generelt i Vestland/Noreg – og i Kvam når svarprosenten er høg nok. Ofte ser me at tendensar som er gjeldande i Vestland og gjeld for Kvam.

Uttalar

25. august - Innspel til «Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel» for Kvam herad

Stikkord: attraktivitet, energi, samferdsle, kompetanse og samspel.

29. oktober - Innspel frå næringslivet til politikarane i Kvam i samband med budsjett 2026.

Eit samarbeid mellom Norheimsund Næringslag, Øystese Næringslag og KNR.

Stikkord: samarbeid om rekruttering, kommunal innkjøpsmakt brukt til å stimulere lokalt næringsliv, næringsplan, raskare planprosessar, energi, attraktivitet

E134 Arm til Bergen

Statens vegvesen fekk mandat frå Samferdselsdepartementet om å greie ut arm frå dagens E134 til Bergen.

Arbeidet starta opp hausten 2021, og Statens vegvesen la fram si innstilling august 2023.

Samferdselsdepartementet vedtok 8. oktober 2024 at den vidare planlegginga skal ta utgangspunkt i

Konsept 1, som var tilrådinga frå Statens vegvesen. Det har vore eit breitt samarbeid i Hardanger om å sikre at regjeringa gjekk inn for innstillinga som Statens vegvesen kom fram til konseptvalutgreiinga.

Det er viktig å halde merksemd i oppfylginga av vedtaket og framdrift i arbeidet med E134 arm til Bergen.

E134 Haukelivegen, NHO, Norges Lastebileier-Forbund (NLF) og Hordalandsdiagonalen AS arrangerte 6. mai «E134 + Bergen er sant» i Bergen med brei og god deltaking.

I arbeidet med å styrke framdrift og merksemd kring samferdsleprosjekt, er K5 alliansen førebiletleg. Dei arrangerte 23. april K5 konferansen på Voss med brei og god deltaking.

Næringsalliansen Vestland.

Næringsalliansen Vestland vart stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk med 17 næringsforeiningar i Vestland.

Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringspolitikk i heile fylket. KNR har delteke på tre møte i løpet av 2025.

Næringsalliansen legg til rette for utveksling av erfaringar, arbeidsmetodar og deling av utfordringar. Dei einskilte næringsråda og -foreiningane er svært ulike i størrelse og ressursar, men alle har utbyte av å dele gode og målretta løysningar og arbeidsmåtar.

Næringsalliansen har laga fleire nettbaserte undersøkingar i løpet av året, som KNR har sendt vidare til våre medlemmer.

Bergen Næringsråd v/Espen Børhaug er sekretariat for Næringsalliansen.

Årets verksemd i 2024.

Lid Jarnindustri fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd 26. mars 2025.

Synleg i lokalpressa

HF 28. mars heilsides presentasjon av Lid Jarnindustri som årets verksemd i Kvam, basert på pressemelding.

HF 29. april halvside «Reisebrev frå robotøya Osterøy» - om studieturen med KORT/Osterøy.

HF 10. oktober Kronikk «Næringslivet i Kvam treng arbeidskraft.» - basert på spørjeundersøking med Næringsalliansen Vestland.

Internmarknadsføring av verksemdar

Dette er eit ope tilbod som alle medlemsverksemdar kan nytte. Det er sendt ut informasjon om Glynt AS til alle medlemsverksemdene i 2025.

Norheimsund 13. januar 2026

Tone Søgaaard – styreleiar /s/

Lars Kristian Bu – nestleiar /s/

Ivar Gaute Kolltveit – styremedlem /s/

Anita Storemark – styremedlem /s/

Terje Måløy – styremedlem /s/

Hans Jørgen Andersen – dagleg leiar /s/